

Frå foreining til forsamling

Refleksjonar etter prosessen i Frekhaug Indremisjon.

Innleiing

Etter eit søndagsmøte for ca. 10 år sidan, vart det kommentert: Vi er truleg siste generasjon som er aktive i tradisjonelt bedehusarbeid. «Den trufaste flokk» på om lag 20 personar i alderen 55+. I denne kommentaren låg det ei erkjenning av at dersom det ikkje skjer noko radikalt nytt, vil bedehusarbeidet døy ut.

Det var ikkje utdøyande trusliv som var situasjonen i bygda, men bedehuset, slik verksemda framstod, opplevdes ikkje relevant for den yngre generasjon. Dei yngre familiar og ungdomen fann ikkje den gamle «elipse-strukturen», samspelet mellom kyrkja bedehuset som aktuell. Dessutan var denne historiske «elipsestruktuern» for lengst borte.

Men spørsmålet om å gjera grep som kunne gjera bedehuset relevant, der ein tolk med seg det beste i bedehuskulturen, levde i flokken. Og vi fanga opp signal frå nokre yngre familiar: viss bedehuset kunne bli ein alt-representierende menighet, kunne det bli aktuelt å gå inn der.

Utan å gå inn på detaljar i prosessen, konkluderte styret med at vår framtid må liggja i å bli ein sjølvstendig forsamling, som, over litt tid kan romma alt ein kyrkjelyd/menighet kan tilby. Og styret gjorde grep med ei viss omorganisering, delegering av ansvar og gav naudsynlege fullmakter.

Valet/beslutninga opplevdes ganske radikal for ein del medlemmer. Indremisjonsforeininga hadde ein heller brei medlemsmasse, med tilknytning både til kyrkja og andre misjonsorganisasjonar, men hadde ein forholdsvis liten aktiv møteforsamling.

Grunngjeving og målsetting

Grunngjevinga for denne satsinga hadde fleire element i seg.

Etableringa var ikkje grunngjeve i ein reaksjon mot den lokale kyrkjelyd eller prest, og var dermed heller ikkje i konfrontasjon med korkje kyrkja eller anna beståande arbeid. Bedehuset ligg sentralt midt i bygda, er forholdsvis nytt og funksjonelt.

Med utgangspunkt i den erkjenning som tidlegare nemnd, ville vi, med feste i det beste i arven *frå bedehuset*, gjera ei nysatsing *i bedehuset* – om enn i nye strukturar. Dermed låg grunngjevinga heilt og fullt hjå oss sjølve, som ei positiv satsing for å fremma Guds rike ut frå dei ideala vi hadde tru for, utan brodd mot andre.

Men vi skal heller ikkje underslå at utviklinga i Den Norske kyrkja var urovekkjande. Vi snakka om *ein beredskap*, for lokalkyrkja er òg sårbar når kyrkja sine sentrale rådsorgan gjer vedtak som vi no kjenner. Det kan skje raske omveltingar som gjer at menneske ikkje lenger finn seg heime i kyrkja. Då må vi vera eit reelt alternativ.

Eit fullverdig kyrkjeleg alternativ

Utfordringa i dette å vera eit fullverdig alternativ, kom litt raskare på oss enn kva vi tenkte. Vi såg for oss ei utvikling over tid. Men så kjem ein av dei få unge familiar: Vi kan vel døypa barnet vårt her når

vi har satsa på bedehuset som vår åndelege heim og kristne fellesskap. Det kom litt overrumplande på oss. Dette ville vera eit tydeleg signal utad om eit kyrkjeleg alternativ. Men sjølvst, vi kunne ikkje anna enn å seie ja. Ville vi at bedehuset skulle vera ein relevant stad for dei yngre familiar, måtte dei få røyna at her får dei «alt under eitt tak».

Men dermed måtte vi reflektere over kven/kva er vi som forsamling? Dette var og er ein viktig prosess. Når vi ikkje lenger er ei foreining. Kva vil det då seie å vera ei forsamling? Det er ikkje berre eit namnebyte. Denne situasjonen utfordra oss til gjennomtenking om kva ei fullverdig forsamling/kyrkjelyd/menighet er. For nettopp ei slik identitetsavklaring hjelper oss til å tydeleggjere *formålet, arbeidsfelt og ordningar* for hovudsamlinga.

Eg skal ikkje ta dykk med inn i dei drøftingar og prosessar dette førte til hjå oss. Men det førde til ein formulert visjon, og nokre (6) verdiar som underbygde denne visjonen.

Verdiar

Familiefokus

Mens bedehuset tidlegare hadde ein vaksenforsamling og mange aldersbestemte aktivitetar, fann vi at hovudsamlinga måtte ha eit familiefokus, der borna var like viktige som dei vaksne og hadde krav på ei like relevant og teologisk rett formidling som for dei vaksne, men tilpassa borna sine forutsetningar. Søndagsskulen kom til å bli ei nøkkelsatsing. Men borna lærer ikkje berre ved å bli undervist, deltakinga i gudstenesta er òg viktig. I den delen av storsamlinga/gudstenesta som vi er saman om, bidrar born med ulike tenester og oppgåver, som møtevert, kollektinnsamlarar, forsongarar og forbedarteneste. Og dei gjer det med stor glede. Slush-arbeid, for dei eldste borna har vore særst vellukka, ikkje minst fordi vi har hatt dugande leiarar. Fordi borna har funne seg så godt til rette, har dei verka dragande på foreldra.

Forkynninga

Vi erkjenner at vårt arbeid står og fell ved forkynninga. Ordet er nådemiddelet som skaper liv. Trua kjem ved forkynninga og trua nøres ved det forkynte ord. Difor må hovudfokusset vera på at forkynninga er teologisk klår, allsidig, livsnær og forankra i vårt læregrunnlag. Og det er ut frå forkynninga at opplegget/liturgien i samlinga må bli ordna.

Ordningar

Det er jo litt underleg at i bedehusland er det slik frykt for liturgiar. Vi har jobba oss fram til ordningar/liturgi for gudstenesta inkl. nattverd og dåp, som vi meiner reflekterer kva ei gudsteneste er, og som byggjer opp om forkynninga og utfordrar til respons på denne. Og så har vi erfart at det har skapt tryggleik både hjå leiarane og i forsamlinga. Opplegget er mindre personavhengig og meir forutsigbart, og eg vil meine meir berar av teologi enn psykologi. Det betyr ikkje at det ikkje er rom for spontanitet, og avvik.

Nokre utfordringar

Bedehuset

Når ein i bedehusland nyorienterer seg frå foreiningsverksemd til forsamling, vil også bedehuset måtta endra karakter. Det kunne det seiast mykje om. Her vil eg berre peike på at dei organisasjonar og arbeidslag som har hatt bedehuset som sin arena, ikkje i praksis må bli utestengde. Her må ein finna gode ordningar, kven kan gis rom i storsamlingane/gudstenestene og korleis kan ein elles leggja til rette for å støtta dei arbeidslaga som ikkje utgjer det organisatoriske grunnlaget for forsamlinga.

Utsyn og impulsar

Med fokus på eigen forsamling og særskilt satsing der, er det særdeles viktig å leva med i og ha relasjonar til ein større samanheng. Ein treng *utsyn* til og *impulsar* frå den verdsvide misjonsdimensjonen. Det dreiar seg rett og slett om hjelp til å forstå *Guds-rike-perspektivet*. Vi kan veldig fort bli nærsynte, i forhold til problem og i forhold til suksess. Difor treng vi desse impulsane frå den verdsvide kyrkje, frå den lidande kyrkje og frå der misjonens utsendingar bryt nytt land i retning mot fullføringa av misjonsoppdraget. Slik kan både leiarskap og forsamling få mot og inspirasjon til å tenkje misjon og evangelisering, ikkje berre forsamlings- og kyrkjerealisering.

Eit reelt alternativ

Vi tek mål av oss å vera eit reelt kyrkjeleg alternativ for folk flest, ikkje ei folkekyrkje, men for menneske som kjem frå ulike samanhengar, forskjellige landsdelar – folk flytter på seg i dag – med ulik åndeleg ballast og ulike kulturar. Då må vi framstå som relevante for fleire enn kun dei som på førehand har den gamle bedehusidentiteten inne. Dette kan skje ved å halda saman tydeleg og utfordrande forkynning, ordningar/liturgi som har si forståing ut frå eit læremessig grunnlag og som oppleves relevante for dagens menneske og i eit inkluderande diakonalt omsorgsfellesskap.

Tilhøyrighet og tilsyn

Når vi markerer oss så sterkt som eit reelt kyrkjeleg alternativ, saknar vi tilhøyrigheita til eit større kyrkjeleg fellesskap. Eg trur det er serdeles viktig at våre nyetablerte forsamlingar har tilhøyrighet til større samanhengar som både er identitetsskapande og er med på å profilera forsamlingane. Stundom ber eg på ei frykt for at forsamlingane kan bli som «frittsvevande satellittar» meir eller mindre profilerte av dei som til kvar tid utgjør leiarskapet.

Av kven og korleis vil tilsyn kunna bli utøvd på ein konstruktiv og positiv måte? Det er viktig at kvar forsamling har eit eldste- eller hyrderåd som kan ivareta det *interne tilsyn*. Men det er òg viktig at det finns eit *eksternt tilsyn*. Utfordringane forsamlingane kan koma til å stå over for, vil truleg bli mange i ei krevjande tid med mange slag åndsstraumar og påverknader. Det vil vera naivt å tru at ikkje våre forsamlingar skal koma under tilsvarande press som det Den norske Kyrkja har vore utsett for i dei siste åra. Utanfrå har vi alt trykket på oss. Men det er først når det innanfrå, i blant medlemmer, kjem til opprør mot den hevdvunne trua og den bibelsk forankra etikken, at dette blir meir krevjande enn det lokale leiarskap kan makte. Då treng vi leiarskapslinjer og nettverk som er aksepterte som autorative og som kan gje råd og støtte til den lokale forsamling og leiarskapet der.